

Fra: Wenche Tislevoll[wentis@fitjar.kommune.no]
Sendt: 07.12.2023 08:18:22
Til: Bente Fitjar[Befi@fitjar.kommune.no]
Tittel: VS: Høyringsinnspel frå UDF

Frå Utdanningsforbundet.

Wenche Tislevoll

Ordførar

Mobil: 97 63 63 54



FITJAR

53 45 85 00 • fitjar@fitjar.kommune.no

Fra: Katrin Innvær Ankervold <kaan@fitjar.kommune.no>
Sendt: onsdag 6. desember 2023 18:46
Til: Wenche Tislevoll <wentis@fitjar.kommune.no>
Emne: Fwd: Høyringsinnspel frå UDF

Sendt fra [Outlook for iOS](#)

Fra: Katrin Innvær Ankervold <kaan@fitjar.kommune.no>
Sendt: onsdag, desember 6, 2023 10:16 am
Til: Katrin Innvær Ankervold <kaan@fitjar.kommune.no>
Emne: Høyringsinnspel frå UDF

Kjære politikar!

Gratulerer med vervet ditt!

1. Utdanningsforbundet i er svært nøgd i høve det nye supermoderne barnehagebygget som stod klart denne hausten. Og for dei som ikkje har besøkt Svingen barnehage oppmodar eg dei til å gjere det.
2. Sjølv om bygningsmassen er heilt topp, så har barnehage sektor over år vore stemoderleg behandla både med lønns- og arbeidsforhold landet over.

Heile 97% av dei minste barna våre går i barnehagen. Her skal dei utforska, leika, læra, få vener og utvikla seg som

menneske. Barn treng støtte, rettleiing og hjelp på denne første arenaen i eit langt utdanningsløp, og her er barnehagelærarane sin kompetanse uerstatteleg. Dei planlegg, gjennomfører og leiår dei pedagogiske arbeidet i tråd med lov og rammeplan.

Det er både for få tilsette og for få barnehagelærarar i barnehagane våre. I tillegg er sjukefråveret høgt på landsbasis, og vi ser at det er stor flukt frå barnehagelæreryrket; éin av tre barnehagelærarar ser for seg å slutta i yrket innan 3 år, ifølge rapporten «Når plantid bare er en plan» (Rapport 3/23, Utdanningsforbundet).

Dette er alarmerande!

Kommunar jobbar målretta for å oppfylla gjeldande bemanningsnorm og barnehagelærararnorm. Nokon kommunar er likevel i ferd med å strekke seg mot 50% barnehagelærarar. Dette håper Utdanningsforbundet i Fitjar at vi også kan sjå på ilag.

Kanskje eit prøveprosjekt kunne vore tingen?

3. Utdanningsforbundet i Fitjar er takksame for at bibliotekbudsjettet er dobla i høve kommunedirektøren sitt budsjett. Både i høve samfunnet og demokratiet vårt er me avhengig av at innbyggjarane kan lese. Biblioteket lagar til store mengde bokkassar til skulane og barnehagane i kommunen.

Kvart år går over 2000 bøker ut til ulike klassar og barnehagar. Bøkene går på omgang og det er stor slitasje og svinn. Det er flott at politikarane satsar på lesing, at det vil kunne spare samfunnet for mykje midlar, at satsinga på bibliotek betyr styrking av demokrati og at det er eit utjamnande tiltak for alle innbyggjarane i bygda.

Til informasjon så har vesle Tysnes kommune 200 000,- i mediabudsjett.

Men skal me verkeleg la oss slå av Tysnes på målstreken?

4. Like sikkert som at jula er i anmarsj

Like sikkert er det at vi står innfor eit nytt budsjettvedtak i Fitjar. Kvart år kjem det forslag om å redusere talet på skuler og eller flytte på klasser frå ein skule til ein anna.

Denne runddansen har eg vore med på i år etter år, nå har eg vore lærer i over 30 år i Fitjar.

Usikkerheit om korleis skulestrukturen skal være har fulgt meg i meir eller mindre alle desse åra.

Men dette årlige tilbake vendene tiltaket i budsjettet gjer noko med opplevinga av stabilitet for dei tilsette , eg tenker også det gjer noko

med opplevinga for barnefamiliane og ungdommen .

Vil folk etablere seg i ein krins med mykje usikkerhet?

Korleis vil Rimbareid krinsen bli?

Vil klasseromma vere overfylte med elever

og er arealet stort nok og tilrettelagt for elevane av i dag?

Kva er det som gjer at politikarane i Fitjar har så stor tro på at det er bra for barn å bytte skule i 7 trinn. Er det slik at enn tek omsyn til kva barna har behov for ?

Eit av dei bærande elementa i eit barns liv er tryggleik. Er det slik at politikarane i Fitjar faktisk trur at det å sette spørsmålet om flytting gang på gang , år etter år,- er til det beste for barna som skal flyttast på?

Det som sjeldan vert tatt opp i denne årlege syklusen og tanken om flytting av 7.trinn, er korleis heilskapen for alle 7.trinnselevane.

For nokre av barna ved Øvrebygda er dei nok klare for å bytte skule, dei vil gjerne komme til det dei tenkjer på som

ungdomsskulen. Men dei vil faktisk ikkje få ta del i ungdomsskulen. Det må dei vent eit heilt år til for å oppleve.

Vidare er det slik at ein del av barna ved Øvrebygda langt frå er klare for å forlate bygda. Det beste for desse vil vera å faktisk ta del i ungdomskulemiljø når alderen tilseier det. Det skaper uro i elevflokken ved Rimbareid når det blir tilført nye elevar i klassen med det ein om rokkering av klassane den einkilde har sin sosiale tilhørighet til. Og ikkje nok med det så ønskjer politikarane at alle elevane nok ein gang skal bytte klassesilhørighet året etterpå, når dei faktisk skal starte på ungdomsskulen. Da blir det tilført elevar frå Selevik skule. Denne

løysinga gjer barna frå Selevik krinsen ein dårleg start ettersom at Øvrebygda og Rimbareid elevane har knytta sosiale band.

Endre forslaget om å flytte 7.trinn elevane frå Øvrebygda til Rimbareid

5. I år har me i Fitjar komme over i ein ny tid.

Der rekruttering av kvalifiserte lærarar er blitt eit problem. Utdanningsforbundet i Fitjar tok tak i problemstillinga vi har i høve rekruttering av kvalifiserte lærarar i fjor. Vi var takksame for at politikarane innførte vikarpool for både helse- og skulesektor.

Problemet er berre, at i det skulen starta i år, var allereie alle lærarane i vikarpoolen brukt opp i ordinære lærarstillingar. Og sida skulestart har me gått med store mengder med ufaglærte lærarar og fagarbeidarar ved skulane i Fitjar.

Vikarane som nå er på markedet er faktisk i mange høve rett frå vidaregåande skule sett inn som lærarar i klasseromma.

Situasjonen i Fitjarskulen er slik at fleire og fleire av lærarane snakkar om å flytte over til anna arbeid. Politikarane har eit ansvar for å sikre at elevane har kvalifiserte lærarar. Det er allereie slik at ein slit med å få kvalifiserte folk innan helsesektor. For skulesektor er det nå toget går. Gjerast det ikkje noko raskt i høve arbeidssituasjonen for dei tilsette ved skulane vil dei forlate stillinga si.

Auke opp talet i vikarpool slik at me ikkje må ta inn så mange ufaglærte i løpet av året.

6. Tilhøva for lærarane ved skulane i Fitjar har gått frå vondt til verre. Stigande sjukefråværet. Lærarar rapporterer inn at sjukefråværet har til knytting til jobbsituasjonen. Det er denne hausten fleire tilsette ved skulane som er slått, sparka, bitt og lugga. Ukvemsord som susar rundt øyrene er daglegdags. Hore, kuk og bannskap er ein del av kvardagen. Noko av dette fekk Administrasjonsutvalget høyre om i går.

I alle år tidlegare har skulesektor nesten ikkje syns på avviksmeldings-statestikken i Fitjar. Denne hausten har

skulesektor sendt inn ca 50 % av alle avviksmeldingane i kommunen.

Kva vil dåke gjera i høve desse avvika?

Utdanningsforbundet kan klart sei at det å kutte i budsjettet i høve skule er ikkje ein farbar veg.

Og slett ikkje kutt i spesialundervisning og delingstimar . Det å ta fleire barn inn på for lite både ute og klasseroms areal vil ikkje løyse dei store utfordringane vi står overfor. Enn må tenkje nytt. Faktisk satse på barn og unge. Ja, det vil koste men vi har komme inn i ein negativ spiral. Og det politikarane kan bidra med er midler.

Det er viktig at alle tilsette har ein trygg og god arbeidsplass å gå til. Det vil sei at det trengs tiltak nå som kan trygge arbeidsmiljøet. Denne problemstillinga som nå ligg føre i Fitjar kommune har vore grundig tatt opp i både AMU og Arbeidsgjevarutvalet. Det ligg føre tilrådingar i protokollen frå desse møta. Utdanningsforbundet og eg kan vel sei at vi er semje med dei andre fagorganisasjonane, om å oppmode på det sterkaste om at AMU-protokollen frå sak PS 36/23 vert lesen. Vidare håpar vi at politikarane former eit verbalforslag som stør administrasjonen i at dei kan følgje opp tiltak frå protokollen.

Budsjettet er ein rar prosess kor alt skal bygge på den kunnskapen vi har om det som var, og bygge opp eit økonomisk oversikt for det som kjem til å hende i framtid. Vi ser at vi skulle i fjor på denne tiden sjå kva situasjon, vi skulle vere på denne hausten. Nokre gonger er det tilstrekkeleg å sjå på det som var for å estimere det som skal bli. I år kan Utdanningsforbundet konstatere at vi ikkje klarte å sjå inn i glaskula for å sjå kva behov som ville ligge føre denne hausten vi er inne i . Barn og unge endrar seg og med dem situasjonen i skulen. Det er store samansette problem i skulen denne hausten. Desse utfordringane er lagt under personvern med meir. Men ikkje mindre bør politikarane ta situasjonen på alvor slik at problemstillingane ikkje sett seg i skulen. Om det ikkje vert handla i skulen kan utfordringane bli svært store.

Utdanningsforbundet oppmodar om at politikarane gjer administrativ leiing tilstrekkeleg økonomisk handlekraft til å gjere noko nå.

Mvh
Katrín I. Ankervold
Lokallagsleiar i Utdanningsforbundet Fitjar

Sendt fra [Outlook for iOS](#)